

Vistestrind

Av Knut Raastad, 2017



Strind er området mellom Valde/Viste og Fellese. Den såkalla Tur-Strind vart delt ved utskifting i 1828 mellom Valdegardane og Vistegardane der det ser ut til at Vistegardane fekk den vestre delen. Det er uklårt akkurat kvar Vistestrind var, men kanskje var det ei stugu aust for Vistejordet, ved den gamle vegen.

Knut Knutsen Faukstadeie eller Hållåeige 1815-1872 vart i 1845 gift med Marit Olsdotter nørdrø Vetlsæter f.1817 d etter 1900. Dei var ved folketellinga i 1865 busette i nørdrø Trolldalen, men Bygdabok for Lom nemner at dei tidlegare var i Vistestrind. Knut og Marit hadde sonen Knut f.1848.

Denne yngre Knut Knutsen f.1848 var gift med Anne Pedersdtr. Ulsbustugu f.1852, dotter til Per Sveinson, og etter vigsla bur dei i Vistestrind. Eldstesonen Ola var truleg fødd i Vistestrind, medan dei andre var fødde i Trolldalen. Knut og familien har truleg flytta til Trolldalen etter at faren vart borte, for i 1875 var dei busette der saman med mora Marit. 1896-1901 utvandra heile Knut og Anne og heile familien til Amerika. Knut og Anne hadde 7 barn:

Ola f. 1873, utflytt til Quebeck i Canada 1896

Marit f. 1875, utflytt til Quebeck i Canada 1896

Embjørg f. 1875, utflytt til Quebeck i Canada 1896

Per f. 1882, utflytt til NewYork i 1901

Mari f. 1885, til Minnesota i USA i 1901

Edvard f. 1888, til Minnesota i USA i 1901, skal ha delteke i 1. verdskrigen

Anton f. 1891, til Minnesota i USA i 1901, skal ha delteke i fyrste verdskrigen

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, utskrifter kyrkjebok for Vågå mm.

J.Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2, s. 47

Folketellingar 1865, 1875

Nord-Gudbrandsdal sorenskriverembete Pantebok 1807-1833